



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 21.03.2023

Møteprotokoll Høyanger sokneråd

Møtedag: onsdag 08.02.23

Møtetid: kl. 17.00 – kl. 18.30

Møtestad: Høyanger kyrkje

Tilstades:

Marit Tønning, Vidar Myren, Andreas Ester, May-Wenche Fossmark og kantor Gerda Otterstein.

Kopi av møteprotokollen går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordfører Petter Sortland, kommunedirektør Ørjan Haram, kantor Gerda Otterstein, administrasjonssekretær Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Innkalling, sakliste og møteprotokoll frå 04.01.23 vart godkjente.

Meldingssaker

006 Soknepresten har ordet.

Søndag 05.02.23 var det såmannssøndag og det var tema i gudstenesta. I Høyanger kyrkje har vi tre «bilder» av såmannen. Det er på preikestolen og i taket i våpenhuset. Noko fall i god jord og vaks seg stort, medan andre frø fall i klunger og på steingrunn og vart ikkje til noko.

007 Lars Petter har hatt et uhell på glattisen og er ute av drift noen uker.
Vi har ordna med kyrkjevertar og med personar til å halde open kyrkje.

008 Idemyldring til stoff til Helgestunder

Vidar og May Wenche ordnar med stoff frå gudstenesta no den 08.02.23. Og Heike og Marit samordnar stoff frå tårnagent-samlingane og eventuelt frå tidlegare samlingar i kyrkje med barn. Vi kan også ha ei side om Heike og Ali som nyttilsette i kyrkja.
Kyrkjevalet 2023 skal også med i neste Helgestunder.

009 Kantor Gerda Otterstein er invitert til møtet i dag slik at vi kan luften et forslag til innhald i gladgudstenestene med ho. Vi ser ved gjennomgang av spørreundersøkinga bl.a. at 50 av 60 personer ynskjer fleire konsertar og eller kulturarrangement i kyrkja, og 39 av 60 personer meiner gudstenestene er moden for fornying. Med bakgrunn i dette vil soknerådet fremje ynskje om å invitere lokale musikantar til å bidra med song og eller musikk ved gladgudstenestene. Vi tenker spesielt på dei kveldane vi har gladgudstenester då dei kan vere litt annleis enn ei vanleg gudsteneste.

Gerda har ingen motforestillingar til dette og meiner vi kan spørje aktuelle personar som vi tenkjer på. Vi kan orientere Gerda i god tid viss vi får positiv respons på våre førespurnader, slik at gudstenesta kan organiserast best mogleg.

010 Samling i Høyanger bedehus søndag 05.03.21 i forbindelse med at Bjørnar Otterstein sluttar som kyrkjeverje i Høyanger. Dei to av soknerådet som sit i fellesrådet er invitert til avslutninga. Ytterligere eit medlem i rådet er invitert. Det er opp til rådet kven det skal vere. Påmelding til Sturla Bell-Fossen innan 24.02.23. sturla.bell.fossen@enivest.net

May Wenche og Vidar er inviterte som gjester. Marit stiller som hjelp på kjøkkenet med rigging, mat og rydding. Kanskje kan Veronica også delta på samlinga.

Vedtaksaker

006/23 Kyrkjevalet 2023

Soknerådet gjer teneste som valstyre og har ansvar for å sette i gang nominasjonsarbeidet. Nominasjonskomiteens oppgave er å utarbeide forslag til valgliste. Frist for listeforslag er 31.03.23. Rådet går gjennom «retningslinjer for soknerådval» og fordeler oppgaver. Soknerådet har hatt seks medlemmer og ingen vara. Skal dette endres må dette vedtas før 31.03.23. Minste antall medlemmer i sokneråd er fire medlemmer.

Vedtak:

Soknerådet skal i møte 01.03.2023 presentere listeforslag til kandidatar til kyrkjevalet. Vi skal kvar for oss spørje personar om dei ynskjer å stille til val.

007/23 Årsmøte 2023

I vedtakssak 003/23 vart det vedteke å legge fram årsmeldinga for året 2022 etter gudstenesta 05.03.23. Denne dato var allereie satt av til ei tilstelling i høve kyrkjeverja sin avgang etter 20 år som kyrkjeverje. Etter gudstenesta kl 11.00 vert det festligheter i bedehuset kl 13.00.

Vedtak:

Årsmøtet vert sett til onsdag 29.03.23. Det startar etter at gudstenesta, som starter klokka 18.00, er ferdig.

Referent

Marit Tønning